



# Årsmelding 2020

Ulstein KFUK-KFUM



## Ulstein KFUK-KFUM

KFUK-KFUM er ei forkorting for Kristen Foreining for Unge Kvinner og Unge Menn. Føremålet til Noregs KFUK-KFUM er å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

Vi er ein del av YWCA og YMCA – verdas største ungdomsrørsle. Vi høyrer til Møre og Romsdal KFUK-KFUM, Noregs KFUK-KFUM og KFUK-KFUM-speidarane. Vi samarbeider tett med Ulstein sokn.

Ulstein KFUK-KFUM er eit aktivt lag for folk i alle aldrar som ønskjer å ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap. Vi held til på Fredheim i Ulsteinvik sentrum og har i dag i overkant av 300 aktive medlemar.

### Hovudstyret

#### *Styremedlemmer*

Andreas Lunde (2019–2021), leiar  
Solveig Johnsen Dahl (2019–2021)  
Hiljerd Holt Myrene (2019–2021)  
Lars Erling Bjåstad Hovlid (2020–2022)  
Line Lervik Aksnes (2020–2022)  
Svein Arne Orvik (2020–2022)  
Aud Janne Hatlebakk (2020–2022)

#### *Varamedlemmer*

Torill Vågen Vattøy (2020–2021)  
Thorstein Viseth (2021–2022)

### Valnemnda (2020–2021)

Anne Strand Kiperberg  
Odd Arne Vikebakk  
Knut Johan Rønningen

### Styrearbeid

Styret har gjort ein god innsats i året som har gått. Nedstenginga 12. mars, og pandemien som har prega oss sidan, har medført meir uvisse i KM-arbeidet. Gjennomføringsmoglegheitene for arrangementa har til tider vore usikre heilt til det siste. Dette har kravd fleksibilitet, både frå styret, arrangementskomitear og deltakarar. Vi har gjennom året lagt vekt på å gjennomføre trygge arrangement i tråd med gjeldande retningslinjer for smittevern. Det har vi lukkast med, sjølv om det tidvis diverre har medført enkelte avlyste arrangement.

Føremålet til Norges KFUK-KFUM er å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Ein må kanskje berre akseptere at balansen desse imellom ikkje blir lik kvart år, sjølv om vi skulle ynskje det. Men noko står likevel fast og urokkeleg: Alt vi gjer og forsøker å gjennomføre spring ut frå bodskapen om Jesus Kristus. Den Kristus vi forkynner tek imot heile menneskje, som kjenner og tek på alvor både dei lyse og dei mørke sidene ved livet. Ingen har tenkt så stort, levd så heilt og elsker så djupt som Jesus Kristus. Ingen har sett så djupe spor med sitt liv og betydd så mykje med sin død og oppstode. Dette er godt å kvile i, kanskje særleg i den tida vi no er inne i.

Styret har gjennom 2020 handsama 33 saker. Styremøta har blitt flytta på og tidvis haldne digitalt, men stort sett har vi greidd å samlast fysisk på gode, gamle Fredheim.

*Andreas Lunde*

### Husnemnda (2020–2021)

Lidbjørn Vattøy  
Jostein Kiperberg  
Sigbjørn Halle  
Gunvor Grimstad  
Merete Dragsund  
Evy Vattøy (utleige av Fredheim)

### Kasserar (2020–2021)

Arnfinn Hanstad

### Revisor (2020–2021)

Harald Nordahl

Valperiodane står i parentes.

## Arrangement i 2020

### Vintertreff 2020

Våren 2019 vart det klart at det årlege Vintertreffet i krinsen skulle leggest til Ulsteinvik. Utan dagleg leiar i KFUK-KFUM Møre og Romsdal krins vart ansvaret og arbeidet lagt på KFUK-KFUM Ulstein. Andreas Halle og Ruben Voldsund starta arbeidet med å setje saman hovudkomiteen, som i stor grad bestod av styremedlem i KFUK-KFUM Ulstein. Andreas Halle vart leiar av hovudkomiteen, men gav prosjektleiarvervet vidare til Ruben Voldsund etter haustferien grunna sjukdom.

#### *Hovudkomiteen VT2020*

Andreas Halle – leiar  
Ruben Voldsund – leiar og programansvarleg  
Andreas Lunde – nestleiar og musikkansvarleg  
Christfried Kaul – seminar, forkynning  
Åge Grimstad – PR  
Svein Arne Orvik – PR  
Andreas Sæbø – praktisk scene

Hiljerd H. Myrene – mat og cafe  
Anne Maria Langnes – representant frå Ulstein  
Ten Sing  
Torstein Vattøy – logistikk, lokale  
Solveig J. Dahl – økonomi  
Daniel E. Moltumyr – vakt og beredskap  
Kristin V. Valderhaug – konsulent

Tid og stad var 7. –9.februar i Ulsteinhallen, og deltakarane overnatta på Ulstein VGS. Lokasjonen var eit godt val, der ein kunne ha turnering, scene, løp på bana, kiosk, matservering og overnatting – alt under same tak.



*Frå Vintertreff 2020 i Ulsteinhallen*

Temaet for helga var «God Tid», og det vart synleggjort gjennom mellom anna andakt, gudsteneste, og VT-låt. Vetle S. Sæbø var VT-prest, mens Heine Ljones Kulø og Johanne Orvik leia programmet elles.

Vintertreffet var ope for deltakarar også frå Sogn og Fjordane krins. Dette, i tillegg til besøk av Ten Sing Norway, gjorde at om lag 270 personar deltok. På den opne gudstenesta deltok nærare 600 personar.

Arrangementet var avhengig av alle dei svært så gåvmilde lokale bedriftene som sponsa med kroner, varer og tenester. Dette bidrog til eit lite overskot. Sidan alt arbeid var gjort frivillig lokalt utan hjelp frå krinsen, var det også einigheit om at overskotet skulle delast høvesvis 60 og 40% mellom Ulstein KFUK-KFUM og krinsen, i favør Ulstein KFUK-KFUM, noko som er motsett av det normale.

Arrangementet gjekk knirkefritt, med god planlegging og gjennomføring. For å sitere ein ungdom frå Ålesund: «VT burde vore i Ulsteinvik kvart år!» Alt i alt vart arrangementet endå betre enn vi hadde trudd, og heldigvis blei det gjennomført berre eit par veker før landet stengte ned. Det skal også nemnast at ca. 100 andre frivillige har bidrege med små, men til saman store oppgåver som levering av mat, køyring, kiosk og vakthald, scenisk, teknisk, bak kamera og annan logistikk.

*Ruben Voldsund*

### Oppstartsgudsteneste 23. august

23. august var det gudsteneste i Ulstein kyrkje med markering av semesterstart for Ulstein KFUK-KFUM og soknet. Planen var at dette skulle vere ei storstilt gudsteneste med tydeleg familiepreg, og mange aktivitetar for borna i etterkant. På grunn av koronarestriksjonar kunne berre omlag 100 personar delta på gudstenesta. I tilfelle det kom fleire, la ein opp til overføring til storskjerm på Fredheim for opp til 40 personar. I gudstenesta vart ny diakon i Ulstein, Karine Sæter, vigsla og innsett til teneste. Trass i at ein ikkje kunne fylle kyrkja vart det ei flott gudsteneste, der fleire av medlemmane i Ulstein KFUK-KFUM tok del. Aktivitetane etterpå vart nedskalerte, men vi hadde koronavenleg grilling og nokre enkle aktivitetar.

*Lars Erling Bjåstad Hovlid*



*Vi stod for kyrjekaffien etter familiegudstenesta i Ulstein kyrkje 23. august.*

## Fredheimsbasaren 2020

Fredheimsbasaren 2020 vart annleis enn vi har vore vande med siste åra. Grunna smittevernrestriksjonar kunne vi dessverre ikkje gjennomføre tombola, matsal og samling på kvelden. Vi sto då att med lotteriet på bøkene og ein digital minikonsert på Facebook.

Ole Terje Sukka sette saman eit fint innslag med Ulstein Ten Sing, Korklubben, speidarane og Gospelkoret. Innslaget vart delt på Facebook i lag med ei oppmoding om å støtte det viktige arbeidet vårt. Vi håper verkeleg at neste fredheimsfest kan gjennomførast i storstova til Ulstein KFUK-KFUM – der dette tradisjonsrike arrangementet høyrer heime.

Tusen takk til alle som har støtta årets fredheimsbasar! Helsing basarkomiteen 2020:

*Judit Grimstad Hatløy, Ingun Håheim Fjørtoft, Solveig Johnsen Dahl og Torill Vågen Vattøy*

## Adventsfesten

Etter planen skulle adventsfesten på Fredheim 2020 vere laurdag 05. desember. På grunn av Covid-19 måtte komiteen ta stilling til nye problemstillingar, som «er Fredheim eit eigna lokale» og «kan vi arrangere festen på forsvarleg vis, eller ikkje». Eit alternativ i høve dette, var å arrangere festen på SUFH. Etter dialog med dei, om både økonomiske og praktiske moglegheiter, og omsyn til smittevern, landa komiteen på å arrangere festen på SUFH. Innan vi fekk klargjort påmeldingsskjema og annonsert festen, vart det endringar i koronarestriksjonar på nasjonalt nivå (maks 50 personar). Komiteen meinte at det vart for få, både økonomisk og sosialt, og at usikkerheita var for stor. På bakgrunn av dette, valde komiteen å avlyse adventsfesten 2020.

Komiteen bestod av Ole Terje Sukka, Oda Jonette Hofset, Karin Synnøve Kjos Christiansen, Ester Alnes Osnes, Ruben Voldsund. Dei to sistnemnde måtte melde fråfall. Line Lervik Aksnes vart då med.

*Line Lervik Aksnes*

## Torsdagskveld på Fredheim

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. Desse tre partane har stilt med folk til ein planleggingskomité. For Ulstein KFUK/KFUM kom det i 2020 inn to nye personar i komiteen: Christina Grimstad Brekke og Kamilla Grimstad Hagen. Stor takk til Judit Grimstad Hatløy som har gjort ein stor innsats i komiteen i mange år! For Ulstein sokn er kateket Bjørn Losvik og kyrkjelydspedagog Ingrid Madli Sæter. For Ulstein NMS har Inge Kaldhol vore kontaktperson. I 2020 har også Cecilie Frantsen Skeide frå soknerådet vore engasjert i komiteen.

I eit normalår er det ynskjeleg med tre til fire samlingar pr. semester. 2020 har vore eit spesielt år for alle, også for torsdagskveldane på Fredheim. Det vart berre gjennomført to samlingar.

## Vårsemesteret

23. januar: Film- og samtalekveld. Vi såg filmen «Disco» på Sjøborg kino, før vi gjekk til Fredheim. Der hadde vi gode samtalar og diskusjonar rundt temaet filmen «Disco» tar opp. Også ungdommane frå Ulstein sokn sitt minileiarkurs deltok, eit positivt samarbeid som gjerne kan gjentakast.

I tillegg var det planlagt ein kveld i regi av NMS med tema misjon og besøk av rådgivar for misjon i Møre bispedøme. Denne kvelden vart avlyst etter at Noreg stengte ned grunna korona.

## Hautsemesteret

20. oktober: Tema- og samtalekveld: Yoga – Uskuldig trim, eller religiøs praksis? Innleiing av Linn Urke Osnes, som driv yogastudioet Yogano i Ulsteinvik, i tillegg til Iver-Olaf Grimstad og kateket Bjørn Losvik, før det vart opna for samtale og debatt.

Det var også planlagt ein songkveld, men denne vart avlyst etter ny nedstenging.

*for komiteen: Bjørn Losvik*

## Årsmelding for einingane

Ulstein KFUK-KFUM er velsigna med eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge – og ikkje minst til mange vaksne som har eit viktig nettverk gjennom Ulstein KFUK-KFUM. Store flokkar tek del i speidararbeid, Ten Sing, Tween Sing og heile sju kvinnegrupper.

Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

### Årsmelding Ulstein Ten Sing 2020

#### 1. Einingsinformasjon

Ansvarleg vaksenleiar: Ruben Voldsund

Styreleiar: Øystein Grimstad Thormodsæter

Økonomileiar: Merete Håheim

Dansleiar: Tuva Henriksen

Filmleiar: Victoria Myklebust

Dirigent: Anne Maria Langnes

Bandleiar: Ingrid M. Nygjerde

Styremedlemmer: Dagni Myrene, Heine Ljones Kulø, Håvard Dimmen, Ragnar Heimland, Andreas Sundgot, Jonetta Sundgot Aarland (vara)

Betalande medlemmer pr. 31.12.2020: 61



Frå Vintertreff 2020 i Ulsteinhallen

## *2. Endringar*

Grunna Covid-19 flytta UTS øvingane sine til Sunnmøre Folkehøgskule ei lita stund frå mai til juni. Vi korta ned øvingane og fekk ikkje ha matordning.

Ruben Voldsund starta ein liten podcast medan det var «lockdown», der han fekk forskjellige gjestar, hovudsakleg frå Ten Sing, på besøk og snakka med dei. Dette kunne resten av medlemmene høyre på kvar onsdag i nokre veker.

Vi måtte ha gospelnight digitalt der det vart strøyma ut til publikum via Facebook og YouTube, og måtte droppe det årlege juleballet.

Trass alt, har gruppa takla året bra. :)

## *3. Hovudaktivitetar*

Ulstein Ten Sing har hatt øving nesten kvar onsdag kl. 19.00–20.30.

Høgdepunkt:

Vintertreff 2020 – Ulsteinvik

Opptreden på Loen Skylift

Opptreden på Ulsteinscena

Opptreden i vaksenleiar, Ruben, sitt bryllaup

Sommaravslutning

Gospelnight digitalt, frå kyrkja

Frivillige frå UTS sto på forskjellige matvarebutikkar i Ulstein kommune og delte ut flyers til årets hjartevarmeaksjon.

Ein gjeng frå UTS gjekk luciagog og song på sjukeheimen.

## *4. Vurdering av arbeidet*

Medlemstalet for våren 2020 var nokså stabilt. Vi har fått mange nye på øvingane, men det held fram med å vere eit lite problem å få folk til å melde seg inn som medlem. Likevel har vi hatt 48 frammøtte på kvar øving i gjennomsnitt i 2020, som er enda meir enn fjoråret.

Motivasjonen i gruppa ser ut til å ha minka gradvis etter Covid-19 kom, men dei er med godt mot, stiller på øving, held avstanden så godt som råd, og bringer god energi til Fredheim.

Vi utviklar oss stadig meir innan film og musikk, med flinke leiarar der det trengst.

Vi ser nye dirigentar, pianistar og leiarar som er klare til å føre Ulstein Ten Sing vidare fram i åra som kjem, og vi gler oss og er stolte av UTS!

Ulsteinvik, 13. februar 2020

*styreleiar Øystein Grimstad Thormodsæter*

*ansvarleg vaksenleiar Ruben Voldsund*

*vaksenleiar Silje Håheim*

## Årsmelding for Ulstein Tween Sing 2020

### *Styret har vore samansett slik i 2020*

Ståle Helvig, leiar

Sissel Holstad Hauge, sekretær

Gunhild Verås Grimstad, styremedlem

Ina Sæter, styremedlem

Lars Erling Bjåstad Hovlid, styremedlem

Bjørnar Hovlid, varamedlem

Arnfinn Hanstad, kasserar, men ikkje medlem i styret

Styret har vore samla 10. februar, 19. august og 11. november. Elles har styret drøfta saker undervegs.

### *Leiarar for koret 2019/2020*

Mari Haugen Lunde og Andreas Lunde t.o.m. mars 2020

Frå hausten 2020: Arnt Ole Grimstad, Lars Erling Hovlid, Bjørnar Hovlid og Ståle Helvig

### *Koret har gjennom arbeidsåret teke del ved desse arrangementa*

- |                   |   |
|-------------------|---|
| 1. desember 2019  | Lys vaken-gudsteneste i Ulstein kyrkje  |
| 29. februar 2020  | UKM, Sjøborg  |
| 15. oktober 2020  | Kveldsgudsteneste i Ulstein kyrkje. Utdeling av biblar til 5. klassingar. Gruppe frå Tween Sing |
| 5. november 2020  | Sosial kveld med sosial distanse  |
| 29. november 2020 | Familiegudsteneste i Ulstein kyrkje. Gruppe frå Tween Sing                                      |
| 3. desember 2020  | Konsert på SUFH   |

### *Litt meir om arbeidsåret des 2019/2020*

Tween Sing hadde få opptrinn dette skuleåret, men var med på UKM-mønstringa på Sjøborg. Der var dei dei første på programmet.

Mari Haugen Lunde og Andreas Lunde takka av som korleiarar i Ulstein Tween Sing i mars 2020. Etter det måtte koret avslutte vårsemesteret pga. koronapandemien. Koret måtte da ta ein pause fram til oppstart hausten 2020. Frå oppstart 24. september 2020 overtok Arnt Ole Grimstad, Lars Erling Hovlid, Bjørnar Hovlid og Ståle Helvig som leiarar i Ulstein Tween Sing.

P.g.a. pandemisituasjonen/smitteverntiltaka i landet vårt dette året kunne ikkje koret gjennomføre/delta på seminar, konsertar eller fellesovernattingar. Året 2020 blei difor svært amputert i forhold til tidlegare år. Talet på betalande medlemmer arbeidsåret 2019/2020 (betalt og stønadsgenererande i 2019) er 14. Medlemstalet for kora 2020/2021 ser ut til å bli 24. Årskontingenten for kora 2020/21 er 200 kr.

Vi vil rette ein stor takk til Mari, Andreas, Arnt Ole, Lars Erling, Bjørnar og Ståle for den flotte jobben dei gjer med koret.

Ulsteinvik 6. januar 2021

*for styret: Ståle Helvig (leiar)*



## Årsmelding Ulstein KFUK-KFUM Speidarar 2020

I Ulstein-speidarane har vi desse gruppene: stifinnar for jentene (3.–4. klasse), stifinnar for gutane (3.–4. klasse), vandrarjenter (5.–10. klasse), vandrargutar (5.–10. klasse) og roverar (vidaregåande). Ved utgangen av året hadde vi hatt 207 betalande medlemar inkl. leiarar.

Dei ulike gruppene har møte om lag annakvar veke. Møta går for det meste føre seg ute, og mange grupper har fast leirplass. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og førstehjelp. På grunn av smittevernforskriftene har stifinnargruppene delt seg. Det var ei god erfaring å ha grupper med færre stifinnarar, men det krev fleire leiarar, der foreldra treng å stille litt meir.

Gruppeleiarar: Christfried Kaul, Tord Aksnes



*Isbjørn, ein av speidarpatruljene våre, bygde fredsby og hadde ein flott kveld på Gåsneset i september.*

### *Patruljer og kontaktpersonar ved utgangen av 2020:*

Stifinnar gutar f. 2011–2012: Kristian Osnes, onsdag partalsveka 18.00

Vandrar gutar f. 2010 (Røyskatt): Odd Egil Holta, onsdag i partalsveka 18.00–19.30

Vandrar gutar f. 2009 (Hoggorm): Olve Brandal, onsdag i oddetalsveka 18.00–19.30

Vandrar gutar f. 2008 (Ulv): Lars Erling Bjåstad Hovlid, onsdag i partalsveke 18–19.30

Vandrar gutar f. 2005–2006 (Gaupe): Christfried Kaul, onsdag i oddetalsveke 17.00–18.30

Stifinnar jenter f. 2011: Silje Kiperberg, torsdag i partalsveke 18.00–19.30

Stifinnar jenter f. 2012: Liv Astrid Langnes, torsdag i partalsveke 18.00–19.30

Vandrar jenter f. 2010: Elisabeth Kirkengen Hovlid, onsdag i oddetalsveka 18.00–19.30

Vandrar jenter f. 2009 (Blårev): Erlend A. Havaag, tysdag i partalsveker 18.00–19.30

Vandrar Jenter f. 2008 (Isbjørn): Birgitte Øvrelid, onsdag i oddetalsveke 18.00–19.30

Vandrar Jenter f. 2004–2007 (Rype): Tonje Øyehaug Ruud, tysdag i oddetalsveke 17.30–19.00

Roverkonge: Johannes Kaul

Turleiar: Torstein Vattøy

Med nokre månaders pause på våren har dei fleste patruljane halde møte også i eit år med mange restriksjonar for å vere saman. Speiding er ein av dei aktivitetane som kunne gjennomførast nesten heile tida under koronapandemien, og oppslutninga er framleis imponerende med nokre fleire medlemmer enn året før.

På grunn av koronarestriksjonane blei det ikkje gjennomført troppsmøte og juleleirbål, også Hatløyaturen måtte vi stå over. Heller ikkje 17. mai-cafe og tombolasal på hausten blei det noko av. Krinsleiren på Flø, som mange hadde gledde seg til, kunne heller ikkje bli gjennomført.

Den første turen der fleire patruljer var saman igjen, var turen til Nesselva. Rekordstort oppmøte vitna om at behovet for å møtast var stort. Nye rovarar har blitt tatt opp og på hausten blei også sniking, speidargudsteneste og kalendersalet avvikla som vanleg.

Økonomien er stabil. Det har blitt laga prosjekt for å oppgradere og bygge om speidarhytta, men utføring av arbeidet gjenstår.

Ulsteinvik 12.02.2021

*Christfried Kaul*

## Årsmelding frå kvinnegruppene i Ulstein KFUK-KFUM

Vi er sju kvinnegrupper i Ulstein KFUK-KFUM: Forbundsringen og seks K-grupper. Til saman har gruppene per i dag 67 medlemmer.

Samlingane har vi i heimane. Nokre grupper møtast ein gong i månaden, andre grupper oftare. Kvar gruppe legg opp samlingane sine etter eigne ønske, det kan vere samtalekveld, delekveld, temakveld (t.d. med diskusjon rundt ulike tema, ev. med ein innboden gjest/føredragshaldar), tekstlesing frå Bibelen/bøker/blad, turar ut i det fri eller anna.

Gruppene er også viktige bidragsytarar til fellesskapet rundt Fredheim, både ved å bidra med diverse dugnadsarbeid og kyrkjekaffiar, samt gjennom økonomiske bidrag. Nokre grupper samlar også inn pengar til misjonsprosjekt. Ein gong i året har vi ei felles samling for alle gruppene i Ulstein og Hareid.

### *Oversikt over gruppene*

Gruppe	leiar/kontaktperson	medlemmer
K-gr. 1	Gunn Randi Solstad	10
K-gr. 2	Elfrid Kleven Hanstad	12
K-gr. 3	Gry Nordal	8
K-gr. 4	Solveig Johanne Johnsen Dahl	10
K-gr. 5	Hanne Marte Sukka Grimstad	11
K-gr. 6	Line Lervik Aksnes	6
Forbundsringen	Hilde Petra Brungot	10

*Solveig Johanne Johnsen Dahl*

## Oppsummering av årsmelding 2020

Som det går fram av årsmeldinga har ein, trass eit annleis år, halde oppe mykje kjekk aktivitet for både små og store. Dette har ein greidd utan å påføre ekstra smittepress lokalt. Ei særskild takk for alt godt initiativ og pågangsmot i året som gjekk, både for det som vart og det som måtte vike. Takk til alle som har bidrege med si tid, det betyr mykje for mange. Måtte 2021 bli eit verkeleg godt KM-år!

14.02.21

*Andreas Lunde, leiar for styret i Ulstein KFUK-KFUM*



*Nestleiar Aud Janne Hatlebakk og leiar Andreas Lunde*